# Profilhandbok

2025

# Innhald


Merkevare og strategi ................................. 3
Verdiar og merkevare................................. 4
Logo.................................................... 5
Hovudlogo .......................................... 6
Oppbygging av logo........................... 7
Logovariasjonar ................................. 9
Bruk og restriksjonar....................... 10
Fargar .......................................................... 11
Fargekodar ....................................... 12
Fargehierarki .................................... 13
Fargekombinasjonar ....................... 14
Skrifter......................................................... 15
Typografi.......................................... 16
Element ....................................................... 17
Former og mønster ......................... 18
Fotostil ............................................. 19
Språk og tone .................................. 20
Eksempel på bruk ...................................... 21
Oppsummert.............................................. 27


*Velkommen til presentasjon av Hyllestad sin visuelle profil.*

Her finn du merkevarekonsept, råd om ord- og bildebruk, og retningsliner for bruk av logo, fargar og skrifter. Du finn også eksempel på korleis dette kan kommuniserast i ulike kanalar og på ulike produkt. Målet er å framheve Hyllestad sine fortrinn, haldningar og verdiar, og å sikre heilskapleg og tydeleg profilering av samfunnet vår. Vi håpar du blir inspirert til utvikling av eige materiale!

# MERKEVARE OG STRATEGI

# VERDIAR OG MERKEVARE

| JORDNÆR | PÅLITELEG | VENLEG |
|---|---|---|

Dette er utdrag frå kommunikasjonsstrategien til Hyllestad, og viser retninga og verdiane merkevara til Hyllestad skal bygge opp under. Meir om tankane og prosessen bak finn du i kommunikasjonsstrategien.

*«Ekte, nær og heimleg»*
*«piffe opp med litt gøy»*

Hyllestad er eit trygt og påliteleg samfunn i vakre omgjevnader.

## Oppsummert eigenskapar arketypar

- Jordnær, autentisk, venleg, påliteleg
- Omsorgsfull, medfølande, støttande
- Optimistisk, ærleg, godhjarta

Dette skal vise igjen i kommunikasjonen vår både visuelt og språkleg.

## Merkevara som person, Arketypar



LOGO

# HOVUDLOGO

*Logosymbol H i midten med teksten Hyllestad rundt.*

Du kan bruke logo inn i eksisterande design for organisasjonen eller bedrifta di.

Hovudfargen er blå og denne brukast så langt det let seg gjere. Men logoen Hyllestad er også tilgjengeleg i andre profilfargar til bruk der desse viser betre.

Lyse fargar nederst brukast på mørk bakgrunn.

Logo kan stå på farga bakgrunn som bryt inn frå kanten av flata. Denne bakgrunnen skal ha runda hjørner slik som vist her.

# OPPBYGGING AV LOGO

Gledesspredar,
Venleg, velkommen

Heim, trygg,
høyre til, påliteleg
Opa dør

Hyllestad, jordnær
(to bein på bakken)

Kvernstein, historia,
geologien

Båtbyggartradisjon og kyst,
fiske, akvakultur



Vi tek med delar av desse symbola og bygger formene saman






HYLLESTAD
HYLLESTAD

# LOGOVARIASJONAR

*Det trengs ulike versjonar til ulik bruk. Kva du skal velje kjem an på tilgjengeleg plass og medium.*

Som standard brukar du hovudlogo. Viss denne av ulike grunnar ikkje passar inn der du ønsker bruke den, kan nokre av desse oppsetta brukast i staden.

I dei minste formata, f.eks. som profilbilete i sosiale medium, kan symbol brukast åleine utan tekst.

Teksten i sirkel kan også brukast åleine som "stempel" eller dekorelement.

HYLLE
STAD

HYLLE
STAD

HYLLE
STAD

HYLLE
STAD

HYLLE
STAD

HYLLE
STAD

# BRUK OG RESTRIKSJONAR

*Pass på at det er luft rundt logo med god avstand til andre element.*

Alle i Hyllestad kan bruke denne logoen og profilen for å vise tilhøyre og promotere samfunnet.

## Reglar for bruk:

- Proporsjonane i logoen skal ikkje endrast.
- Logoen skal heller ikkje endre farge, strekkast, forskyvast, roterast.
- Ved plassering på mørkare bakgrunnar og foto, pass på nok kontrast.
- Avstand mellom figur og tekst skal ikkje endrast.
- Skrifttypen i namnet skal ikkje endrast.
- MEN det er lov å lage mønster med logoelementa.



# FARGAR

# FARGEKODAR

Fargane bygger opp under verdiane og speglar naturen og lyset i Hyllestad.

**Kveldsro** er hovudfarge og blir brukt i logo, i kombinasjon med tre lyse varme fargar. Dette for å bygge opp det nære og ekte i merkevara.

**Himmelraud** er ekstrafarge som brukast i mindre mengde for å skape kjensle av aktivitet og stemning. Gledesspredar. Denne skal berre brukast i mindre mengder for å f.eks. utheve eller understreke noko.

## FORKLARING FARGEKODAR

**RGB:** Fargekode for skjerm
**CMYK:** Fargekode for trykksaker
**HEX:** Kode for nettfargar

Fargane kan nyttast i ulike valørar.

### Kveldsro

CMYK: 83, 61, 45, 28
RGB: 52, 78, 95
HEX: #344E5F

### Våryr

CMYK: 22, 0, 36, 0
RGB: 200, 230, 181
HEX: #C8E6B5

### Jordnær

CMYK: 7, 5, 20, 0
RGB: 236, 231, 206
HEX: #ece7ce

Ekstrafarge:

### Himmelraud

CMYK: 0, 83, 75, 0
RGB: 240, 84, 70
HEX: #F05446

### Morgonlys

CMYK: 0, 15, 16, 0
RGB: 255, 222, 204
HEX: #ffdecc

### Svart

### Kvit

# FARGEHIERARKI

Dette illustrerar korleis vi fordeler rett bruk av fargane.



# FARGEKOMBINASJONAR

I hovudsak blir mørke fargar brukt i tekst på lys bakgrunn.

Dei lyse fargane skal ikkje kombinerast oppå kvarandre sidan dette gir for liten kontrast. Ref. simulert fargeblind under og verktøy for å sjekke om kontrast er god nok i høve universell utforming.

Pass på at innhaldet ditt har nok kontrast med tanke på universell utforming.

Himmelraud brukast i mindre mengder.

## Simulert fargeblind




## Eksempel på kontrast



# SKRIFTER

# TYPOGRAFI

## Montserrat - overskrift

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
1234567890*@&%$#

**ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ**
**abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå**
**1234567890*@&%$#**

## Open Sans - mengdetekst

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå
1234567890*@&%$#

**ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ**
**abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå**
**1234567890*@&%$#**

*ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ*
*abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå*
*1234567890*@&%$#*

Dette er enkle og tydelege skrifttypar som samsvarer med verdiar og ønska uttrykk.

Skriftene er i dag i bruk på hyllestadinfo.no.

Montserrat blir i hovudsak brukt til overskrifter mens mengdeteksten er i Open Sans.

Begge skriftene finst fritt tilgjengeleg på Google Fonts.

Last ned Montserrat

Last ned Open Sans

# ELEMENT

# FORMER OG MØNSTER





Profilen til Hyllestad er kjenneteikna av former med avrunda hjørne. Inkluderande og varmt som om kontrast til logofiguren som har meir bastant form "høgd i stein".

Profilelementa kan nyttast til å lage mønster. Eksempel på mønster som kan lagast med logo til f.eks. gåvepapir, bakgrunnar osv.

Logo plasserast i form kan komme inn frå sida og gå ut av formatet. Dei kan også ha to runda hjørner og to skarpe.

Formene kan eksempelvis fyllast med profilfarge eller foto.

Logo og element kan brukast til å lage mønster og illustrasjonar.  Ved å snu litt på logo kan vi f.eks.lage "EG elskar Hyllestad".

# FOTOSTIL



Eksempel på bilete med morgonlys filter.










Enkle og ekte bilete av folk som gjerne er ute i naturen eller deltek i fellesskaplege aktivitetar. Bruk gjerne bilete av familiar som leiker ute, venlege møte i lokalsamfunnet, fest og moro og bilete som understrekar tryggleik, fellesskap og openheit.

Profilfargane kan nyttast til å legge filter på foto for å få ønska stemning.

Foto:
Sommargry si Facebookside
Visit Fjordkysten og Sunnfjord
Kvernsteinsparken

# SPRÅK OG TONE




*Språket i kommunikasjonen vår bør vere varmt, inkluderande og direkte, utan unødvendig høgtidleg eller oppstylta språkbruk.*

Legg vekt på enkel kommunikasjon som inviterer til å bli ein del av fellesskapet. "Her er du alltid velkommen" kan vere ei tilnærming som speglar omsorgsfull arketypen.

## Hovudbodskap

- **Livskvalitet og balanse:** Skap bodskap som får fram jobbmoglegheiter, lågare levekostnader og ein betre balanse mellom arbeid og fritid - utan stresset som ofte følgjer med bylivet. Krydre med litt glede!
- **Lokalsamfunn og tryggleik:** Spele på den tette fellesskapskjensla og tryggleiken som mange ønskjer seg i kvardagen. Framhev lokale arrangement, dugnadsvilje og engasjement i samfunnet.
- **Nærleik til natur:** Frem Hyllestad som eit storslått og unikt naturområde, med rike moglegheiter for aktivt friluftsliv, flotte turar, fiske og andre utandørsaktivitetar - både til fjells og til sjøs. Vi forstår naturen og kjenner til den særeigne geografien vår.

# EKSEMPEL PÅ BRUK


HYLLESTAD
HYLLESTAD
HYLLESTAD
HYLLESTAD
HYLLESTAD
HYLLESTAD


HYLLE
STAD


Hyllestad IL fotball
arrangerer
HYLLESTAD IL
4-2
1950
FUTSALTURNERING
Sundag 12. januar
kl 11.00
Hyllestadhallen
Velkommen til futsalturnering
aldersbestemt fotball 10-14 år.
Hyllestad stiller med to jentelag!
Kiosk
Velkommen til ein flott
fotballsundag i hallen!
HYLLESTAD







*Eksempel på bruk av profil i presentasjon*




HYLLESTAD




*Eksempel på bruk logo-ikon til profilbilete og av himmelraud til utheving av mindre område i mønster.*

# OPPSUMMERT

HOVUDLOGO

LOGOVARIANTAR

HYLLE
STAD

HYLLE
STAD

HYLLE
STAD

HYLLE
STAD

FARGAR

SKRIFTER

**HYLLESTAD**

Skrifter

**LOGO FONT**
**Montserrat**
**abcdefghijklmnopq**
**rstuvwxyzæøå**

**BRØDTEKST**
Open Sans, Regular
abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå

**OVERSKRIFTER**
**Montserrat**

**abcdefghijklmnopq**
**rstuvwxyzæøå**

EKSEMPEL















HYLLE
STAD

# HYLLESTAD

*Visuell profil utforma av Kristinkom AS*
*Kommunikasjonsstrategi utforma av Ymsir AS*

KRISTINKOM AS
visuell kommunikasjon